



Ann-Therese Strønen  
Postboks 20 Isdalstø  
5908 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1769 - 18/15426

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
09.07.2018

## Pålegg om stans - GBNR 41/28, 67 - Etablering av veg til fritidsbustad - Skarpenes

**Administrativt vedtak. Saknr: 164/2018**

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Meland kommune gav i vedtak datert 15.5.2018, saksnr. 85/2018, løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 41/28, 67. Kommunen er no kjent med at det på dykkar eigedom, samt over gbnr. 41/2, er utført terrenginngrep i form av opparbeiding av veg fram til fritidsbustaden.

### VURDERING:

#### Lov- og plangrunnlag:

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 32-4 at «[o]m nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis utan forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.»

Det kan vere «nødvendig» å gi pålegg om stans blant anna ved ulovlege tiltak som kan medføre fare eller uopprettlege skade, og ved bygging i strid utan løyve eller i strid med løyve.<sup>1</sup>

Opparbeiding av veg over gbnr. 41/2 fram til gbnr. 41/28, 57 er eit søknadspålagt tiltak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav l). Ettersom gbnr. 41/2 er satt av til landbruks-, natur- og friluftsføremål i kommuneplanen sin arealdel (KPA), er opparbeiding av veg i strid med gjeldande arealføremål og krev

---

<sup>1</sup> Plan- og bygningsloven med kommentarer, Frode A. Innjord, s. 878

dermed dispensasjon frå LNF-formålet. Kommunen har orientert dykk om dette blant anna i e-post den 17.4.2018.

Søknad om dispensasjon som nemnd over er journalført motteke av kommunen i dag, 9.7.2018. Denne vil bli handsama i samsvar med plan- og bygningslova. Stoppordre vert gitt inntil søknaden er endeleg avgjort.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir med heimel i plan – og bygningslova § 32-4 pålegg om omgåande stopp i arbeid med etablering av veg til fritidsbustad på gbnr. 41/28, 67 over gbnr. 41/2 på Skarpenes.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Ann-Therese Strønen

Postboks 20  
Isdalstø

5908

ISDALSTØ